



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

Møtedato: 25.02.2016
Møtetid: Etter soknerådssakene
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Synnøve Kårstad Ryland, Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig (1.vara), Regine Sagstad Berg, Andreas Sagstad Berg, Bent Gunnar Næss, Brigt Roar Skeie, Andreas Westermoen, Torbjørn Aamli. Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Ingunn Reigstad, Per Audun Heskestad, Anne Kjersti Tveiten Erikstein.

Innkalling, saksliste og sist møtebok:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 14.januar vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000033 Kollekthåv - søknad om støtte til restaurering

Det vil bli søkt om støtte til restaurering av kollekthåv frå Meland kommune sine kulturminnevern-midlar.

Sak 000034 Årstatistikk 2015

Sak 000035 Årsmøte 24.april på Møteplassen

Sak 000036 Utgreiing av ny kommunestruktur

* Det har vore møte mellom fellesrådsleiarane og kyrkjeverjene Lindås, Radøy og Meland om saka.
* Soknerådet bør levere høyringssvar til intensjonsvedtaket. Må vedtakast i neste soknerådsmøte
Utkast til høyringsvar frå Meland må skrivast på neste AU 3.3. kl. 16.00. Sølvi Knudsen og Bent Gunnar Næss blir med.
* Soknerådet bør engasjere seg i folkemøtene i Meland i mars: (2. mars Grasdal, 3. mars Vestbygd, 9.mars, Rossland, 10. mars Frekhaug).

Sak 000037 Innsamlingsaksjon til finansiering av konsertpianoet

Trond Fykse og Inger Johanne Ektvedt blir utfordra til å arrangere ein innsamlingskonsert og samle inn meir penger for å fullfinansiere pianoet.

Idear:

Kronerulling

Innvielseskonsert i vår

Sak 000038 Nye festeavgifter vedteke i kommunestyret

Festeavgiftene vedteke på sist møte er no godkjente i kommunestyret. Kyrkjeverja vil arbeide med utkast til stillingsutviding av konsulentstillinga finansiert av dei auka inntektene til kyrkjegardsdrifta og legge den



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

fram for administrasjonsutvalet og soknerådet. Sidan det no blir årleg innkreving av festeavgift blir denne stillingsutvidinga viktig.

Sak 000039 Kommunal medlem i kyrkjeutvalet

Kommunestyret har utnemnt Silje Ingelin Sæterstøl som fast medlem og Øyvind Bratshaug som varamedlem i kyrkjeutvalet.

Begge medlemmene bør kallast inn til møtene.

Sak 000040 Planarbeidet i fellesrådssakene

Fellesrådssakene vert også med i ein planlag 4-årsplan for soknerådets sitt arbeid

Sak 000041 Plan for besök i soknerådet

Kyrkjeverja skal utarbeide eit utkast. Må utsetjast til seinare møte.

Skriva vert sendt ut til neste soknerådsmøte.

Nye meldingssaker i møtet:

* Orgelrestaurering startar frå veke 10. Orgelet og galleriet blir heilt eller delvis ute av bruk fram til slutten av april. Det kan bli flytting av gravferder om nødvendig, for å ikkje forsinke arbeidet til orgelfirmaet.

* 18. og 21.april Kyrkjevandring for alle barneskulelevar og ungdomskulelevar i Meland. Med program i og ved kyrkja.

Sak 005/16 Godkjenning av årsmelding 2015

Forslag til vedtak:

Utkastet til årsmeldingstekst vert gjort ferdig og sendt ut til soknerådet. Innspel til endringar må sendast inn til kyrkjeverja innan tysdag 1.mars om morgonen. Årsmeldinga vert då rekna som godkjent.

Møtebehandling:

Vedtak:

Utkastet til årsmeldingstekst vert gjort ferdig og sendt ut til soknerådet. Innspel til endringar må sendast inn til kyrkjeverja innan tysdag 1.mars om morgonen. Årsmeldinga vert då rekna som godkjent.

Sak 006/16 Årsrekneskap 2015

Forslag til vedtak:

- a. Årsrekneskapen for 2015 vert vedteken som den ligg føre.
- b. Mindreforbruket/overskotet på driftsrekneskapen kr 438 345 vert fordelt slik: Kr 24 164 vert sett av på flygelfondet. Kr 19 390 vert sett av på eit fond for orgelvedlikehald. Resten vert sett av på disposisjonsfondet.


Møtebehandling:

Vedtak:

a. Årsrekneskapen for 2015 vert vedteken som den ligg føre.

Mindreforbruket/overskotet på driftsrekneskapen kr 438 345 vert fordelt slik: Kr 24 164 vert sett av på flygfondet. Kr 19 390 vert sett av på eit fond for orgelvedlikehald. Resten vert sett av på disposisjonsfondet.

Samrøysta vedtak.



For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje